

## Rundtur med flott utsikt og mektig natur i Skarvheimen



Det hender du kjem til stader i denne verda du ikkje har lyst til å forlate. Vel, då er det godt det finns hytter!

Start i Toviken og følg god stig på vest-sida av Mjølga. Etter om lag 1 km svingar stigen av frå Mjølga, oppover gjennom Klevaskardet (mot nord-vest). På toppen av Klevaskardet held stigen fram i småkuppert terreng til Store Klevavatnet. Langs sør-vest sida av Store Klevavatnet går stigen i ur fram til Klevahytta som ligg på dalskuldra ut mot

Fødalen. Klevahytta disponereast av Ål fjellstyre og vert leigd ut.

Ved Klevahytta er det er fint å ta ein pause. Her får du eit mektig utsyn til både Klevavatnet, Fødalen/Fødalsvatnet og Systrandfossen samtidig.

Følg DNT-stig ned i Fødalen til lungsdalhytta. Dette er ei betent DNT-hytte. Der kan du i sommarsesongen både helse på dyra, få servering av stølskost og om ynskjeleg overnatte.



Foto: Ål Utvikling AS



For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet, 1:50 000



Riksveg 244 mot Vats, forbi Rødungstølen og innover til Djup og Toviken. Betalingsbom.



Flott utsikt til Systrandfossen ved Klevahytta



Parkeringsplassen før elva Mjølga før brua, like før Toviken.



God stig, men tidvis noko bratt. Langs Klevavatnet mykje stein. Turen er ikkje skilta og merka.



13 km. Ca 4- 4,5 time.  
1090 - 1280 moh.

Frå lungsdalshytta kan du bestille båtskyss tilbake til Toviken om du ikkje ynskjer å gå stigen langs vatnet tilbake. Turen kan ein sjølvsgatt også gå motsatt veg.

